

Utval: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgate 5
Dato: 02.11.2016
Tidspunkt: 09:00-13:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Gitton Håland	Leiar	A
Harald Norheim	Medlem	SAFO
Kjell Søvik	Nestleiar	FFO
Inge Fiskvik	Medlem	FFO
Nina Murberg	Medlem	FFO

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Solbjørg Helen Krossli Marjala	Medlem	FL R/SV/SP/KRF
Kirsten Syljeset	Medlem	H

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
May Eva Sandvik	Kirsten Syljeset	H

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Akylina Samara	Spesialrådgjevar, Opplæringsavdelinga
Janne Lisen Ringdal Strøm	Seksjonsleiar, Opplæringsavdelinga
Marte Hagen Eriksrud	Spesialrådgjevar, Samferdselsavdelinga
Svein H. Kjellevoid	Overingeniør; Eigedomsavdelinga
Nils Egil Vetlesand	Seksjonsleiar, Økonomiavdelinga
Ingeborg Borgen Takle	Rådgjevar, Fylkessekretariatet
Merethe Helland Nordnæs	Jurist/rådgjevar Fylkessekretariatet

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 35/16	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 36/16	Godkjenning av sakliste		
PS 37/16	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 38/16	Referatsak (meldingar)		
RS 30/16	Oversikt økonomi - per 20.10.2016	2014/558	
RS 31/16	Større saker til politisk behandling 2. halvår 2016 – pr. oktober	2015/10845	
RS 32/16	Referat frå RMNF-AU, 19.10.2017	2014/558	
RS 33/16	Angående epolitikar	2014/558	
RS 34/16	Skyss sin digitale billetteringsløyseing - frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
PS 39/16	Tertnes vgs - Forprosjekt	2016/723	
PS 40/16	Budsjett 2017 - uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
PS 41/16	Temadagen 2017 - førebels program	2014/558	
PS 42/16	Nye konferansar hausten 2016	2014/558	
PS 43/16	Ymse		

PS 35/16 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 02.11.2016

Vedtak

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknadar.

PS 36/16 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 02.11.2016

Vedtak

Sakslista vart godkjent utan merknadar.

PS 37/16 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 02.11.2016

Vedtak

Møteboka frå førre møte vart godkjent utan merknadar.

PS 38/16 Referatsak (meldingar)

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 02.11.2016

RS 31/16 Større saker til politisk behandling 2. halvår 2016 – pr. oktober

Inge Fiskvik, FFO, sette fram slikt forslag:

«Rådet for mennesket med nedsett funksjonsevne ber om at vi på neste møte får ein orientering om arbeidet med Handlingsplan for likestilling, likeverd og inkludering.»

Røysting

Fiskvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for mennesket med nedsett funksjonsevne ber om at vi på neste møte får ein orientering om arbeidet med Handlingsplan for likestilling, likeverd og inkludering.

RS 33/16 Angående epolitikar

Inge Fiskvik, FFO, sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne visar til at evalueringa av epolitikar-appen og må inkludere tilgjengelegheit for alle brukargrupper.»

Røysting

Fiskvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne visar til at evalueringa av epolitikar-appen og må inkludere tilgjengelegheit for alle brukargrupper.

RS 34/16 Skyss sin digitale billetteringsløyising – frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Harald Norheim, SAFO, sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne takkar for tilbakemelding. Rådet er utolmodige i denne saka, og etterlyser ein dato for når «voice over» fungerer saman med billettappen.»

Røysting

Norheim sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne takkar for tilbakemelding. Rådet er utolmodige i denne saka, og etterlyser ein dato for når «voice over» fungerer saman med billettappen.

RS 30/16 Oversikt økonomi - per 20.10.2016

RS 31/16 Større saker til politisk behandling 2. halvår 2016 – pr. oktober

RS 32/16 Referat frå RMNF-AU, 19.10.2017

RS 33/16 Angående epolitikar

RS 34/16 Skyss sin digitale billetteringsløsning - frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

PS 39/16 Tertnes vgs - Forprosjekt

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner forprosjekt for Tertnes vidaregåande skole med ei kostnadsramme på 210 mill. kr.

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 02.11.2016

Kjell Gitton Håland, A, sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har fått seg førelagt forprosjekt for Tertnes vgs – og seier seg nøgd med den universelle utforminga når det gjeld tilkomst.»

Røysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Tilråding til utval for opplæring og helse

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har fått seg førelagt forprosjekt for Tertnes vgs – og seier seg nøgd med den universelle utforminga når det gjeld tilkomst.

PS 40/16 Budsjett 2017 - uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kjem med slik uttale til budsjettet 2017:

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 02.11.2016

Kjell Gitton Håland, A, sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett 2017 til orientering.»

Røysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett 2017 til orientering.

PS 41/16 Temadagen 2017 - førebels program

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjenner førebels program.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber administrasjonen om å sende ut ein e-post til dei kommunale råda før jul med informasjon om dato og tema.

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 02.11.2016

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjenner førebels program.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber administrasjonen om å sende ut ein e-post til dei kommunale råda før jul med informasjon om dato og tema.

PS 42/16 Nye konferansar hausten 2016

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil delta med slike medlemar på konferansane:

1. Fylkeskulturkonferansen:
2. Tilgjengelighet Kultur-Norge – gode kulturopplevelser for alle:

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 02.11.2016

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil delta med slike medlemar på konferansane:

1. Fylkeskulturkonferansen: Kjell Søvik, FFO
2. Tilgjengelighet Kultur-Norge – gode kulturopplevelser for alle: Harald Norheim, SAFO, og Kjell Søvik, FFO.

PS 43/16 Ymse

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 02.11.2016

Orientering om opplæringsavdelinga sitt arbeid med dysleksivenlege skular – opplæringsavdelinga v/ spesialrådgjevar Akylina Samara og seksjonsleiar Janne Lisen Ringdal Strøm

Orientering om regional transportplan – samferdselsavdelinga v/ spesialrådgjevar Marte Hagen Eriksrud

May Eva Sandvik, H, sette fram slikt forslag:

«Rådet ber om at høyringa til Regional transportplan vert teke opp som sak i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne innan høyringsfristen.»

Kjell Søvik, FFO, sette fram slikt forslag:

«Det etterlysast ein oversikt over tunnelar som er under 500 m, som og skal brukast av gåande og syklende. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ønskjer ein plan over opprusting, der ein ser på fysiske skille mellom harde og mjuke trafikantar.»

Røysting

Sandvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Søvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet ber om at høyringa til Regional transportplan vert teke opp som sak i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne innan høyringsfristen.

Det etterlysast ein oversikt over tunnelar som er under 500 m, som og skal brukast av gåande og syklende. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ønskjer ein plan over opprusting, der ein ser på fysiske skille mellom harde og mjuke trafikantar.

Orientering om Tertnes vgs (forprosjekt) – eigedomsavdelinga v/ overingeniør Svein H. Kjellevold

Kjell Søvik, FFO, sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at det i brukarprosessen vert sett av plass til brukarar med spesielle behov.

Medlemar av rådet stiller seg til disposisjon i brukarutval.»

Røysting

Søvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at det i brukarprosessen vert sett av plass til brukarar med spesielle behov.

Medlemar av rådet stiller seg til disposisjon i brukarutval.

Orientering om fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett 2017 – økonomiavdelinga v/ seksjonsleiar Nils Egil Vetlesand

Årsmelding 2017

Kjell Gitton Håland, A, sette fram slikt forslag:

«Arbeidsutvalet utarbeidar utkast til årsmelding for 2017 med sikte på handsaming i møte 1. februar 2017.»

Røysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Arbeidsutvalet utarbeidar utkast til årsmelding for 2017 med sikte på handsaming i møte 1. februar 2017.

Orientering om førespurnad frå Deltasenteret – Kjell Søvik, FFO

Deltasenteret ønsker ei samling i Bergen i mai 2017 vedkommande «Nettverk for universell utforming i kollektivtrafikken. Det vert eit samarbeid mellom Deltasenteret og samferdselsavdelinga i Hordaland fylkeskommune, der rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan få tildelt oppgåver som vertsskap.